

Nyhetsbrev mars 2025



Norwegian
Seed Savers

ÅRSMØTE 23. april

Årsmøtet i KVANN blir online på teams 23. april 2025 kl. 1900. I forkant av årsmøtet blir det et faglig foredrag kl. 1800-1845.

Forslag til endringer i vedtektene må i henhold til vedtektene være styret i hende to måneder før årsmøtet. Andre forslag må være tilsendt styret på post@kvann.no senest 2 uker før årsmøtet.

KVANNs vedtekter ligger her: <https://kvann.no/organisasjon/vedtekter>

Valgkomiteen består av Andrew McMillion, Cathrine Johnsen og Jürgen Wegter. De kan kontaktes gjennom internmeldingssystemet på kvann.no. Vi oppfordrer alle medlemmer til å komme med forslag om aktuelle styrekandidater til valgkomiteen.

Lenke til årsmøtet og årsmøtepapirene kommer her: [Årsmøte i KVANN – K V A N N](#)

MEDLEM

Er du framleis medlem? Sjekk om medlemskapen din framleis er aktiv her:

<https://kvann.no/min-konto/medlemskap/my-membership-details/>

Vi har hatt nokre problem med nettsida, så om du ikkje klarer å fornye medlemskapen ber vi deg ta kontakt på post@kvann.no. Vi jobbar med å få til eit fakturasystem slik at det blir enklare å fornye medlemstatusen, og håper å ha det på plass i løpet av våren.

ÅRETS POTETSORTAR

Potetlanseringa kjem snart, og då kan du bestille 10 ulike sortar miniknollar:

Abundance, Early Rose, Eggeplomme, Lang Svenske, Raudar Islandkar, Raude fra Skjåk, Sarpo Tominia, Svart/blå fra Skjåk, Tidlig blå Halden og Svart Valdres.

FRØDELING

Det er høgsesong for frødyrking. Skulle det vise seg at du ikkje har plass til alle frøa sjølv, så del med andre gjennom [Frødeling mellom kvann-medlemmer – K V A N N](#)

HAGEMESSEN

Har du lyst til å stå på stand for KVANN på Hagemessen i Lillestrøm 25. – 27. april? Mer om hagemessen her: <https://hagemessen.no/>. Send en epost til urtearv@kvann.no hvis du ønsker å være med. **Frist: 24. mars**

REKORDMANGE PODEKURS

Har du lyst til å lage dine egne frukttrø? I år gjennomfører vi heile 12 podekurs, og fleire av dei er allerede fullbooka. Så vi vil oppmode alle som ønsker å lage sine egne epletre om å melde seg på så snart som muleg.

Nokre av dei mest spanande kursa i år blir i samarbeid med historiske Schübelerhagar. Kor mange gonger i livet kan du stå og spikke eplekvistar ved Urnes Stavkyrkje, eller ete suppe i barndomsheimen til Bjørnstjerne Bjørnson i Nesset? Eller kva med å oppleve våren i det historiske epleparadiset på Hvaler?

Podeturset gjev grunnleggjande informasjon om kva poding er, ulike teknikkar, om naudsynt utstyr, metodikk, teoretisk kunnskap og praktisk trening. Du får grunnstammar og podekvist til å lage tre epleter som du får med deg heim. Du får også med deg eit grundig kompendium om poding.

Kvart kurs har plass til maksimalt 15 deltakarar, og det er lurt å melde seg på raskt, for det plar ikke å gå mange dagane før vi er fullteikna. Prisen er 600 kr for medlemmer, og 950 kr for ikkje-medlemmer (medlemskapen kostar 350 kr, så det tjener du inn att med ein gong 😊). Tre eigenpoda epletre er inkludert i prisen.

<https://kvann.no/2025/01/25/rekordmange-podekurs-i-ar/>



PODEKURSA PER 15. MARS 2025

- [23. mars Lier bygdetun \(Buskerud\) kl 12-17 \(fullt\)](#)
- [25. mars Varatun gård \(Sandnes, Rogaland\) \(fullt\)](#)
- [26. mars Bergeland bydelshus \(Stavanger, Rogaland\) kl 10-15](#)
- [28. mars Ornes \(Sogn, Vestland\) \(kl 1130-1530\)](#)
- [8. april Hvaler gjestegård \(Østfold\) \(kl 11-16\)](#)
- [10. april Linderud gård \(Oslo\) \(kl 11-16\)](#)
- [11. april NAKUHEL Asker \(Akershus\) kl 11-16\)](#)
- [12. april Øverland andelslandbruk, \(Bekkestua, Akershus\) \(kl 11-16\)](#)
- [26. april Øyer prestegård \(Innlandet\) kl 11-16](#)
- [13. mai Nesset prestegård \(Møre og Romsdal\)](#)
- [14. mai Ringve botaniske hage \(Trondheim\)](#)
- [15. mai Stadsbygd prestegård kl 15-20](#)

UTSENDING AV GRUNNSTAMMAR

Det er grunnstammepakkedugnad på hovudkontoret i Herand i Hardanger søndag 16. mars, og så sender vi dei ut tidleg neste veke. Det er veldig fint om dei som har høve til det kjem og hentar, då held stammene seg betre. Vi kan og ta dei med til Stavanger rundt 25.-26. mars – sei til om du vil hente der.

Vi vil og legge ut "podepakkar" for sal, slik at du kan få tak i voks, strikkar og merkelappar i overkommelege kvanta.

ANDRE KURS OG HENDINGAR:

18 mars kl 1700: Treff for KVANN Haugalandet på Haugesund Folkebibliotek. Ta gjerne med frø du kan dele, og velkommen til en uformell hageprat i lag med andre hageentusiaster

24. mars: samplantingskurs i Trøndelag.

<https://kvann.no/arrangement/samplanting-med-celine-faudot/g>

27. mars: Dyrking av hjartenøtter.

[Dyrking av hjartenøtter – K V A N N](#)

31. mars: Kurs om bærekraftige matplanter på Lystgården i Bergen.

<https://kvann.no/arrangement/et-mangfold-av-baerekraftige-matplanter-kurs-med-stephen-barstow-pa-lystgarden-i-bergen/>

9. april: Kurs om grønnsaksdyrking med Andrew McMillion.

<https://kvann.no/arrangement/gronnsaksdyrking-plantelykke-v-andrew-mc-million/>

17. april: Foredrag om spiselige stueplanter med Kim Sølve Jacobsen, Stueplantelaug.

<https://kvann.no/arrangement/spiselige-stueplanter/>

23. april: Foredrag om bærekraftig dyrking med Andrew McMillion.

<https://kvann.no/arrangement/baerekraftig-dyrking-ved-andrew-mcmillion-ullensaker-hagelag/>

26. april: Kurs i beredskapshager med Kia Vulgaris.

<https://kvann.no/arrangement/kurs-i-beredskapshage-med-kia-vulgaris/>

6. mai: Foredrag om beredskapshagar i Hardanger.

<https://kvann.no/arrangement/beredskapshagar-i-hardanger/>

6. mai: Foredrag om gode skoghageplanter i Trøndelag.

<https://kvann.no/arrangement/stephen-barstow-gode-skoghageplanter-for-trondelag/>

24. mai: Hageseminar i Rosendal,

<https://kvann.no/arrangement/hageseminar-350-ar-med-nyttehagetradisjon-i-rosendal-have/>

URTEARVEN VÅR

Prosjektet *Urtearv; planter i levende minne* er i gang, prosjektleder Mari Jerstad gleder seg stort til våren braker løs for fullt. Arrangementskalenderen på nettsiden blir stadig mer innholdsrik. Utover våren blir det mye kartlegging, inkludert samtaler med personer som har gamle urter i hagen eller personer med lokale tradisjoner omkring urtebruk. Er du åpen for å bli intervjuet om dette?



Rød herregård i Østfold anlegger ny hage til nytteplanter og blir en del av Urtearven. Urtearv samarbeider med museer og besøkshager. Flere av disse skal anlegge historiske hager eller opparbeide eksisterende hager til formidling. Noen besøksdager har eller planlegger å ha dugnadsgrupper for urtehagene lokalt, som det er mulig å være med på. Les mer om urtearven og hager i prosjektet på kvann.no/urtearv. Om du har spørsmål eller vil ta aktivt del ta kontakt ved å sende en epost til urtearv@kvann.no 20.-21. august blir det Urtearvseminar på Linderud i Oslo <https://kvann.no/arrangement/urtearv-seminaret/>

OPPROP MOT GMO

KVANN stiller seg bak et felles opprop fra mange titalls organisasjoner som uttrykker motforestillinger mot en liberalisering av EU-lovgivning som regulerer bruk og utsetting av genmodifiserte organismer (GMO). KVANN er særlig bekymret for at foreslåtte endringer vil føre til at verdifull kulturarv går tapt og biologisk mangfold reduseres. Liberalisering av EUs regelverk for GMO kan gjøre Norge vesentlig dårligere rustet til å møte utfordringer relatert til klimaendringer, matsikkerhet og beredskap.

GMO-vekster i all hovedsak beskyttet av patenter som eies og forvaltes av en håndfull internasjonale konsern. På verdensbasis leverer disse aktørene allerede mer enn halvparten av frø til yrkesdyrkere. KVANN mener at foreslåtte lovendringer vil undergrave viktige, anerkjente rettigheter til å samle, forvalte og bruke frø. Gårdbrukere og andre dyrkere har ikke anledning til å samle og benytte frø fra GMO-avlinger, såvare må kjøpes inn foran hver vekstsesong. Basert på erfaringer så langt, vil GMO påføre gårdbrukere vesentlig høyere kostnader til innsatsfaktorer og gjøre dem avhengig av et lite antall markedsaktører med stor innflytelse over prissetting.

Kontroll over egne frø, lokalt og nasjonalt, berører også beredskap og matsikkerhet.

KVANN er bekymret for spredningsfaren som er forbundet med GMO. Vitenskapen vet så langt for lite om virkningen spredning kan ha på økosystemer. Bruk av GMO utgjør en trussel

mot biologisk mangfold på kort og lang sikt. Bevaring av et mangfold av sorter som gjennom generasjoner blant annet er blitt tilpasset høyst varierende lokale vekstforhold, gir oss som samfunn tilgang på genressurser som kan brukes i avl og foredling for å møte klimautfordringer. Det er videre bekymringsfullt at bruk av GMO overfører potensielt ødeleggende økonomisk risiko til økologiske dyrkere og andre som baserer sin virksomhet på GMO-frie produkter. Utstrakt bruk av GMO med den spredningsfare det representerer, vil kunne gjøre det umulig eller ulønnsomt for en rekke aktører å oppnå økologisk sertifisering eller garantere fravær av GMO i avlinger. Utilstrekkelig regulert bruk av GMO vil også kunne utgjøre en trussel mot bevaring av vekster med stor kulturell verdi.

JORDBRUKSFORHANDLINGANE

-Vi førebur innspel til jordbruksforhandlingane, med utgangspunkt i fjorårets innspel: [Innspill til jordbruksforhandlingene 2024 – K V A N N](#)

Vi vil ønske ein retteleg god og spirande og inspirerande vår til alle.